

## Nesjarane var klare vinnarar



Nesjarane med medlemer frå Neset i Uskedalen vann quizen på Oska i går kveld

**Heile 7 lag med seks personar på kvart lag var med på quizen på Oska i går. Kvelden før var det påmeld berre to lag. Nesjarane vann ein klar siger slik dei har gjort mange gonger før.**

Sammy Myklebust var ansvarleg og leia kvelden på ein god måte. Han er sjølv kunnskapsrik og kommuniserer godt med laga undervegs.

Dei mange spørsmåla var delt inn i 9 tema som til dømes geografi, politikk, film/TV, historie, natur, musikk og kunst.

Av lokale spørsmål måtte deltakarane vita kva tid Folgefonntunnelen vart opna ( 2001 ), kva tid kyrkja i Uskedalen vart vigsla ( 1914 ) og kva bergart vi finn mest av i Kvinnherad.

Verre var det å vita namnet på kongen før Haakon 7 eller kva tid Alaska vart ein del av USA.

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland